

Plan for arbeid med barns allsidige utvikling i Giske oppvekstsenter, barnehage



Innleiing

Barns utvikling, leik og læring førgår i eit samfunn prega av mangfald, endring og kompleksitet. Ein må kunne leggje til rette for, og lede, leik, læring og danningssprossar. Ein slik kompetanse er viktig for å fremje barns heilskaplege utvikling i eit inkluderande fellesskap prega av omsorg, medverknad, samarbeid og dialog med føresette. Forståinga av barns utvikling må sjåast i lys av historiske notids- og framtidsperspektiv. Barn er sjølvstendige aktørar med rett til å bli høyrd, sett og inkludert i fellesskapet, og til å påverke og medverke i eiga læring og utvikling. Leiken understrekast som ein grunnleggjande livs- og læringsform med betydning både som eigenverdi og som grunnlag for allsidig utvikling. Miljøet har stor betydning for leik, utvikling og læring. Samhandling og relasjonar mellom menneske dannar grunnlag for leik og læring, og for utvikling av demokratisk tenking.

Slik jobbar vi for Barns allsidige utvikling i Giske barnehage:

Gjennom heile barnehage opphaldet skal vi ha stort fokus på leik, læring, danning og omsorg. Vi skal ha omsorgsfulle tilsette i barnehagen som støtter barna i deira allsidige utvikling. Vi ser viktigheita i å støtte frileik for å utvikle individuelle og omsorgsfulle barn i Giske Barnehage. Tilsette skal sjå kvart enkelt barn som eit individuelt subjekt, og møte barnets fysiske og psykiske behov. Ved å arbeide etter dette målet lærer barnet å sjølv vere omsorgsfull ovanfor andre. Dette er viktige verdiar å ta med seg vidare etter tida i barnehagen. Ved å starte med dette allereie i tilvenninga dannar det eit godt grunnlag for eit omsorgsfullt barn, og er eit godt fundament i barnets allsidige utvikling.

Omsorg

Omsorg i barnehagen er å kunne gi ein følelse av trygghet. Barna skal oppleve at dei blir sett, og dei skal føle seg forstått og respektert. I arbeid med omsorg skal dei vaksne på Giske Barnehage ha fokus på å støtte barnas utvikling til å bli sjølvstendige og gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Dei vaksne i Giske barnehage skal alltid, i alle interaksjonar med barna ha trygghetssirkelen som grunnlag- ein skal vere større, sterkare, klokare og god- uansett kva situasjon barnet og den vaksne står i. Vi skal arbeide med mål om eit inkluderande miljø som gjer at barna ikkje berre er mottakarar av omsorg, men også kan gi og vise omsorg for andre barn og vaksne rundt seg. Målet for omsorg i barnehagen er å gi barna ein trygghet og tru på seg sjølv slik at dei veks opp til å bli sjølvstendige, trygge og omsorgsfulle individ.



Fokus:

- å skape trygghet, trivsel og tilhøyrse
- leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksne
- støtte barnas individuelle behov
- møte barna på deira premiss

På storbarnsavdelingar er vi trygge vaksne i utfordrande situasjonar for barna. Som vaksen ser vi kvart enkelt barn og deira behov, og barna skal føle at dei vaksne i barnehagen er der for dei og er lydhøyre. Barna skal føle seg sett og oppleve å bli møtt av ein open, varm og interessert vaksen.

På småbarn er vi trygge vaksne som er saman med barna. Som vaksen ser vi kvart enkelt barn og deira behov. Ein vaksen på småbarnsavdeling er aktiv, interessert og genuint opptatt av at kvardagen i barnehagen skal vere prega av trygghet, leik og positiv læring.

Danning

§1 i Barnehagelova sei:

«Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, andre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar».

Barnehagens føretrekte pedagogiske arbeidsmetode er prosjektarbeid. Kort fortalt er prosjektarbeid knytt til eit arbeid med eit tema eller fenomen, der hensikta er å skape rom for utforsking, fordjuping og forståing. Nysgjerrigheit og medverknad har ein sentral plass, og barns lyst til å undersøke og utforske skal ha betydning for dei pedagogiske val som vert tatt.

Vi legg til rette for at barna opplev at dei skapar mening i kvardagen sin og at deira syn har stor verdi. For å legge til rette for gode danningprosessar i Giske barnehage skal personalet vise respekt for barna, barna sine interesser og barnas kommunikasjon. Dei tilsette må vere tilstade hos barna og ha eit fokus på barnas virke og deira forståing av verden".

Slik arbeid vi med danning på storbarnsavdelingane:

- Dei tilsette skal ta utgangspunkt i kva barna er opptatt av, det vi opplev som interesserer barna. Ved å arbeide i prosjekt har vi fokus på å gi barna felles oppleving slik at barna skal ha like utgangspunkt for å delta i leiken. Rammeplanen sei at barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik- aleine og saman med andre.
- Vi gir barna rom til å kunne komme med innspel som påverkar kvardagen
- Arbeid med sosialkompetane - korleis vi er med kvarandre, det er viktig å seie frå og stå for det ein meina.



Slik arbeid vi med danning på småbarnsavdelingane:

For å komme fram til dei forskjellige prosjekta tek vi utgangspunkt i kva barna er opptatte av, kva som interessera dei og kva som gir initiativ til leik. Mindre barn er ofte opptatt av forteljingar, bøker og liknande. Bruk av konkretar gir rom for forståing og eget initiativ til leik, ofte rolleleik. Rammeplanen seier at barnehagen skal bidra til at barn kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet.

Leik

I Giske barnehage skal leiken ha ein framstående plass. Leiken skal vere frivillig, spontan og vere styrt av barna sjølv. Dei tilsette skal vere med i leiken på barnas premiss. Aktive tilsette i leiken kan inspirere barna til å lenger bli verande i leiken, fordjupe seg i den og utvikle den. Ei av dei viktigaste oppgåvene som tilsett i barnehage er i legge forholda til rette for god leik. Derfor er det ikkje alltid nødvendig at alle leiker er rydda opp og golvet er reint for leiker. Snarare tvert imot er det motiverande og inspirerande for barna at det ligg leiker tilrettelagt for dei. Det kan då vere enklare for barna å kome inn i ein god leik.

Via leik omarbeider barna sine inntrykk, dei bruker sine opplevingar og observasjonar og gir dei uttrykk gjennom materiale dei har til rådighet. Det er barns måte å skape forståing og lære seg ulike ferdigheiter på. Leik er ein grunnleggande livs- og læringsform. Vi vil sjå verdien i den frie, ustyrte leiken. Gi barna spelerom til å utforske leiken og leiken sin eigenverdi. Som vaksen i Giske barnehage skal ein vere tilstades for alle barna, aktiv saman med barna på deira premiss, oppmerksom og støttande. Vi skal ha kunnskap om og anerkjenne dei ulike typane leik.

Slik arbeider vi med leik på storbarnsavdelingane:

- Dei tilsette sitt syn på leiken har mykje å seie for leiken. Derfor er det viktig at dei vaksen på avdelinga har snakket om og reflektert rundt dei ulike typane leik.
- Det eit barn klarar med hjelp frå ein tilsett i dag kan dei klare aleine i morgon. Det kan variere kva dei ulike barna treng. Det kan vere å starte opp ein leik, vere med i leiken, få barna inn i leik og der etter gå ut av leike. Dei tilsette skal støtte opp om barnas leik, og bidra akkurat nok slik at barna kjennar meistring, men samtidig at den tilsette ikkje tar over initiativet.
- Vi skal tilretteleggje for dei ulike typane leik, lage rom for at barna kan utfolde seg, samt vere deltakande vaksne.



Slik arbeider vi med lek på småbarnsavdelingane:

- Dei tilsette er aktive saman med barna, og deltek i leiken på barnas premis.
- Vaksne tek initiativ til å få barn i lek, spesielt viktig om eit barn ikkje finn sin plass i anna lek.
- Vaksne hjelp barn til å kome inn i lek med andre.
- Bruker lek i dei fleste samanhengar for å motivere dei mindre barna.

Læring

I Giske barnehage ser vi på læring i ein samanheng med at barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støtter opp mot lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barn lærer av å utforske, undre og prøve nye ting. Som tilsett i Giske barnehage skal vi støtte, oppmuntre og vere til stades for barna, slik at interessa for utforsking blir ivaretatt.

Barnehagen bygger på eit sosiokulturelt læringsssyn, at læring skjer gjennom bruk av språk og samhandling med andre. Det er mykje kunnskap og mange ferdigheiter som er viktig å tileigne seg i barnehagealder, ein av dei viktigaste er å lære. Metalæring er kort fortalt å lære å lære. Læring er ein livslang prosess og i barnehagen legg vi grunnlaget. Vi tek ansvaret på alvor og legg til rette for at læring skal vere spennande og gøy. Barna skal møte stimulerande miljø som støttar og gir barnet lyst til å utfolde seg og kjenne på meistring.



“Education is not the learning of facts, it’s rather the training of the mind to think”
(Albert Einstein)

Når vi arbeider prosjektbasert har vi eit større fokus på prosessane. Gjennom samarbeid, undring, og utforsking får barna erfaringar med at dei påverkar sitt eget læringsutbytte og eit bevisst forhold til problemløysing. Dette gjer at vi lærar barna gode måtar å lære på. Ein anna viktig faktor er meistring, det er den oppretthaldande faktoren. Meistring motiverer barna til å delta og gir barna ei kjensle av eigenverdi og kompetanse.

Slik arbeidar vi med læring på storbarnsavdelingane:

- Dei tilsette skal gi barna rom i lærande prosessar, det vil sei at ein er tolmodig og lyttar til barna. I staden for å korrigere barna sine synspunkt går ein dialog og stiller spørsmål og får barna til å tenke.
- Dei tilsette legg til rette for utfordringar som barna klarar og opplever meistring av. Vi støttar barna akkurat no, slik dei kjem fram til løysningar sjølv.
- Ein læringsprosess kan vare i fleire veker eller vere over på 5 minutt. Dei tilsette skal inspirere til eit utval av læringsprosessar, og alle skal ver spennande for barna å delta i.


Slik arbeidar vi med læring på småbarnsavdelingane:

- Dei minste bruker heile seg i lærande prosessar, dei tilsette må leggje til rette for bruk av fleire sansar, kroppsleg aktivitet og gjentakingar i lærande prosesser med dei minste.
- Språket til dei minste er både verbalt og kroppsleg, dei tilsette skal lytte til kvart enkelt barn og legge til rette for samhandling mellom dei som uttrykker seg verbalt og dei som uttrykker seg kroppsleg.
- For småbarn er det spennande at dei veit kva som skal skje. Dei tilsette må legge til rette for lærande prosessar som er tilpassa alder og modning og som kan gjentakast fleire gangar.

Sosial kompetanse

Giske barnehage har ein eigen plan for arbeid med sosial og emosjonell kompetanse. Sosial kompetanse blir tileigna i samspel med andre menneske. Det er ein nær forbindelse mellom sosial og emosjonell kompetanse. I Giske barnehage skal alle barn erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Plan for arbeid med sosial kompetanse har eit fokus på kva som er god praksis og korleis tilsette skal arbeide for å skape gode relasjonar i barnegruppene. Arbeidet er delt opp seks grunnleggjande ferdigheiter for utvikling av sosial kompetanse: empati, positiv sjølvhevding, sjølvregulering, ansvar, samarbeid, leik og inkludering og emosjonell kompetanse.

For ei meir detaljert oversikt over korleis vi konkret arbeidar med sosial kompetanse sjå eigen plan.



Kommunikasjon og språk

Ved å gi rom for at barna skal få utforske og vere i den frie leiken, krev det at barna klarer å kommunisere og gjere seg forstått blant dei andre barna. Leiken er derfor ein viktig arena for både språkutvikling og utvikling av ferdigheiter for å kunne kommunisere med andre barn.

I arbeid språk legg vi vekt på bruk av song, bøker, rim og regler, forteljing, eventyr og det å kunne «tulle med språket». Tungeeventyr kan her vere eit godt hjelpemiddel.

Slik arbeider vi med kommunikasjon og språk med storbarnsavdelingane:

- Vi bruker rim, regler og mykje song for å leike med språket og ord.
- Med fokus på sosial kompetanse knytt til korleis ein snakkar til og om kvarandre
- Vi har bøker tilgjengeleg på avdeling for å innby til lesing, lesestole og vaksne som ønskjer å lese ilag med borna. Ved måltid les ein vaksen frå ei bok eller vi høyrer på lydbok.
- Vi gir barna tid og rom til å uttrykke seg.

Slik arbeider vi med kommunikasjon og språk med småbarnsavdelingane:

- Vi bruker mykje song og musikk.
- Lese bøker for å stimulere og vidareutvikle språk.
- Vi har eit bevisst forhold barnas språk, både talt og utalt.
- Vi arbeider med å utvide barnas språk og setje ord på barnas følelsar.



Avslutning

Tilsette skal sjå kvart enkelt barn som eit individuelt subjekt, og møte barnets fysiske og psykiske behov. Alt arbeid skal vere i tråd med Giske barnehages verdier. Barna er og skal vere ulike, og dei utviklast forskjellig. Barns ulikheiter skapar eit mangfald, eit mangfald alle skal føle tilhøyrse i og som alle barna kan delta i på like premisser. Derfor må alt arbeid tilpassast det enkelte individ og gruppa.

Om dei tilsette ved barnehagen er bekymra knytt til eit barns utvikling skal ein bruke handlingsplanen som er vedlagt dette dokumentet.



Vedlegg:
Handlingsplan for bekymring av barn utvikling
Sluttrapport.



Handlingsplan ved bekymring av barns utvikling

1. Den tilsette som er bekymra tek dette opp med pedagogisk leiar.
2. Pedagogisk leiar informerer tilsette om å observere barnet.
3. Neste avdelingsmøte legg alle fram det som har blitt observert og diskuterer vegen vidare.
4. Etter avdelingsmøtet skal foreldra få informasjon om bekymringa.
5. Pedagogisk leiar informera eller kallar inn til møte med foreldra og informere om bekymringa og observasjonane som er gjort. (Dette kjem ann på alvorsgrada for bekymringa om det er nødvendig med møte eller nok med ein liten samtale i hente/bringesituasjon).
6. Pedagogisk leiar kallar inn til nytt foreldremøte der ein blir einige om tiltak som settast i gang i barnehagen og i heime.
7. Pedagogisk leder informerer på avdelingsmøtet om kva som blei sagt på foreldresamtalen og kva tiltak skal settast i gang. (Skriv ned tiltaka som skal prøvast ut). Om det er behov for samtykke til andre instansar, skal pedagogisk leder innhente det frå foreldra.
8. Pedagogisk leder tek kontakt med andre instansar om dette er nødvendig. Og informerer foreldra når dette er gjort.
9. Tiltaka skal evaluerast minst to gangar i halvåret og foreldre skal informerast.

«Sluttrapport»

Ved bekymring som ein tenkjer at ein vil gå vidare med skal vi lage ein sluttrapport. Dette blir ein rapport som blir liggande i arkivet, som foreldra skal kunne få om dei vil ha. Denne rapporten skal vere til hjelp for oss tilsette i barnehagen. Der skal vi legge inn viktig informasjon slik dette ikkje skal gå tapt i prosessen. Rapporten skal innehalde grunn for bekymring, kontinuerleg oppdaterte tiltak, informasjon til og frå foreldra og evaluering av det som er gjort. Denne rapporten vil kunne vere til god nytte i samarbeid med andre instansar.

Rapporten skal sjå slik ut:

1. Innleiing
 - Bakgrunn for evaluering, problemstilling
 - Målsetting
2. Observasjonar
3. Tiltak
4. Foreldresamarbeid
 - Kva informasjon som skal bli gitt til foreldra
5. Evaluering
 - Vidare arbeid
6. Avslutning